

dekarSamnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
20/50602	20/16276	Siren Tømmerbakke - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		06.10.2020

Svar på førespurnad om jordbruksareal på gnr. 22 bnr. 2 4623 - Samnanger kommune

I samband med revisjon av områdeplan for Bjørkheim har Bjørnafjorden landbrukskontor fått spørsmål om å komme med ei fagleg uttale om verdien av jordbruksarealet i området på Lauskar og rundt Lauskarmyra.

Spørsmålet er kva verdi arealet har for framtidig bruk til landbruk, om arealet bør vernast, om det kan vere aktuelt å flytte jordmassane .

Mesteparten av jordbruksarealet i dette området høyrer til gnr. 22 bnr. 2. Det går fram av gardskartet (nibio.no) at denne eigedomen har eit samla areal på 119 dekar. Av dette er 19,6 dekar fulldyrka jord, 1,4 dekar overflatedyrka jord og 3,1 dekar innmarksbeite. Utanom dei dyrka areala er 0,5 dekar klassifisert som myr, 5,6 dekar som bygd areal, 79,8 dekar som produktiv skog, og 9 dekar som uproduktiv skog. Størsteparten av den produktive skogen ligg utanfor det aktuelle området. Det er eit våningshus og ein eldre driftsbygning på landbrukseigedomen.

Jordbruksareala på denne eigedomen ligg på begge sider av Bjelkarvikvegen. Noko areal, 3,1 dekar innmarksbeite og 2,4 dekar fulldyrka jord ligg på vestsida av denne vegen. Størsteparten av jordbruksarealet er den store samanhengande teigen mellom av Bjelkarvikvegen og Samnangervegen. Teigen er totalt er 17 dekar dyrka jord og av dette er 15,6 dekar fulldyrka og 1,4 dekar overflatedyrka. I tillegg til dette er det også mindre areal på 1,6 dekar som også er klassifisert som fulldyrka.

Det går fram av jordressurskartlegginga (kartlag tilgjengeleg i Nibo sine gardskart) at det i dette området er tale om organisk jord med dreneringsbehov. Difor går det også fram av klassifiseringa at dette er jord med store begrensingar i bruk til jordbruksføremål. Arealet kjem dårleg ut i vurdering av jordressurs og jordkvalitet. Slik arealet ligg i dag er det lite eigna til drift med moderne landbruksmaskiner på grunn av at det er myrjord med behov for drenering.

Ut frå dei opplysningane landbrukskontoret kjenner til, er det ikkje aktiv landbruksdrift på eigedomen. Det er ingen føretak som søker om produksjonstilskot for jordbruksareala på gnr. 22 bnr. 2. Det er også svært synleg at areala ikkje vert drive.

Sjølv om areala ikkje er i drift i dag, vil vår vurdering ta utgangspunkt i ei meir langsiktig vurdering av konsekvensane ei omdisponering av arealet får for landbrukseigedomen. Ved å nytte størsteparten av fulldyrka jord til anna føremål vil grunnlaget for framtidig jordbruksdrift på denne eigdommen forsvinne.

Ser ein konsekvensane for landbruksnæringa generelt i dette område ser det ikkje ut som det på kort sikt er ynskje om å ta i bruk arealet til jordbruksføremål. Dette har truleg samanheng med at arealet i dag er i dårleg hevd. Det er stor trong grøfting for å få arealet i drift igjen. Over tid vil slike myrområde søkke, noko som ofte fører til at det vert vanskeleg å få til eit godt utløp for vatnet. Å senke utløpet, og drenere arealet, er kostnadskevjangande. Ein er difor avhengig av ei forpliktande leigeavtale dersom andre enn eigar skal drifte arealet. Det er mogeleg å søkje om tilskot til drenering, og også gjennom ordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), kan det gjevast tilskot til hydrologiske tiltak. Sjølv med tilskot gjennom desse ordningane vil likevel kostnaden for eigar /leigetakar bli høg.

Eit anna alternativ er å heve terrenget dersom ein har tilgang på massar. Området ligg slik til at dette kan vere eit eigna areal for massemtak for reine stein- og jordmassar både frå Samnanger kommune og også frå nabokommunen Bergen. Dette kan vere eit alternativ der grunneigar kan få finansiert ei oppgradering av jordbruksareala.

Landbrukskontoret minner om at det er driveplikt på alt jordbruksareal og eigar har ansvar for at jorda vert halde i hevd slik at areala kan nyttast til vanlig jordbruksdrift.

Dei driftsmessig gode kvalitetane ved arealet er at det etter lokale tilhøve eit stort samanhengande jordbruksareal . Arealet er sentrumsnært, men ligg likevel slik til at landbruksdrift ikkje kjem i konflikt med andre interesser. Dersom ein får drenert arealet, og får opparbeidd areala slik ar det vert litt meir fall/helling enn i dag, vil dette vere eit godt og drivverdig jordbruksareal.

Det er kome inn forslag om å bruke dette området til plasskevjangande sørvisverksemd, som t.d. trelasthandel, bilverkstad, mm. Vi ser at det er trong for nye areal til næring, og at området ved Bjørkheim alt er godt etablert som handlesenter i kommunen. Jordflytting kan vere eit alternativ, men ei vellukka flytting av jord er svært kostbart og vil krevje tilgjengeleg udyrka areal og ein god plan for gjennomføring. Ved å flytte jorda kan ein styrkje driftsgrunnlaget på andre bruk i kommunen.

Vi vil minne om at det er ei nasjonal målsetjing å redusere omdisponering av dyrka jord. For Samnanger sin del er det store skilnader i ressursgrunnlaget på kvart enkelt bruk og mykje av landbruksareala er kuperte og bratte. Arealstatistikk viser at kommunen har relativt lite dyrka areal. Det går fram av arealressursstatistikk AR50 henta frå NIBO at Samnanger kommune av eit totalareal på 269 037 dekar er 3021 dekar full- / overflatedyrka jord, noko som utgjer 1,1 % av det samla arealet i kommunen.

(https://kart13.nibio.no/arealressursstatistikk/xml_filer/2019/4623_arstat_2019.xml) På bakgrunn av dette er landbrukskontoret sjølv sagt oppteken av at så lite som mogeleg areal skal omdisponerast til andre føremål.

Med vennleg helsing

Øystein Svalheim
Landbrukssjef

Siren Tømmerbakke
Landbrukskonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

kart - markslag



Kopi til:
Hilde-Lill Våge
Ragnhild Lønningdal